

Sigvald Dale  
Erstadvegen 120  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2518 - 15/4312

Saksbehandlar:  
Kari Elisabeth Io  
KEI@lindas.kommune.no

Dato:  
24.02.2015

## Svar på søknad om fritak for kommunale gebyr - gbnr 140/5 Erstad.

### Delegert sak.

Dokument:  
Søknad epost 24.02.2015.

Saksutgreiing:  
Søknaden gjeld fritak for kommunale gebyr for «gamlehuset» på gbnr 140/5.  
Huset er ikkje i bruk, og er under rehabilitering.

### Vedtak:

Mellombels fritak for kommunale gebyr (slamtøming og feiing) vert gjeve på følgjande vilkår:

Vedtaket gjeld frå 01.01.2015 (1.termin 2015), og for 1 år om gongen.  
Eigar må kvart år gje melding om at grunnlaget for vedtaket er det same,  
elles fell vedtaket bort.

Dersom grunnlaget for vedtaket vert endra, pliktar eigar av eigedomen å gje  
melding til kommunen. Vert eigedomen seld, pliktar noverande eigar straks  
å melda frå om dette.

Vi gjer merksam på at slamavskiljar for «gamlehuset» vart sist tømt 28.01.2014,  
og slamavskiljar for «nyehuset» vart sist tømt 30.10.2014. Melding v/Birkeland Transport,24.02.15.

Med helsing

Kari Elisabeth Io  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*





